



Sveinung Mæland Pile, Bjørn Sturle Hillestad, Leif Ove Mikkelsen og Eilif Myklebust (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Kven er det som no ikkje har høyrte om Festidalen? Det er eit navn som verkeleg har slått an sidan oppstarten i 2003. Klinger godt gjer det og. Men det er ikkje så mange som veit at det vart fødd i Bergen.**

Sveinung Mæland Pile og Leif Ove Mikkelsen hadde ein plan. Når ein flytter vekk for å studera, er det ofte lett å mista kontakten med vener frå heimstaden.

Jau, ein vennefest hadde vore tingen. Planen om ei slik fest vart lagt fram for andre og på ein segltur til Bergen skulle festen få eit namn. Den maritime delen av dagen vart avslutta med ein koseleg pubkveld..

Rundt midnatt plumpa Åse Hjetland Bringedal ut med namnet: Festidalen.

Ein annan kompis, Bjørn Sturle Hillestad, syntes at det hadde vore kult og hatt levande musikk med. Og skal ein ha levande musikk, må ein ha ei scene. Då kom den scenen som vart nytta under dei populære uskedalsdagane til sin rett att.

Bitane byrja å falle på plass. No var utfordringa å finna ein egna stad. Etter ei synfaring rundt dalen, fann dei eit jorde som dei fekk låna gratis. Håkon Bjørnebøle stilte sporty opp og gav dei lov til å bruke eit stykke av jorda si. Dermed var ramme rundt satt og alt låg til rette for ein skikkeleg fest.

Grøne jorde med Uskedalen sine mektige fjell bak var den spektakulære ramma. Men så var det dette vestlandsveret som ikkje alltid gjer det like enkelt å laga til noko ute. Korleis kan ein sikra seg mot regnet?

Mammo til Pilen visste råd. Etter hennar statistikk regna det aldri den fyrste helga i august. Då dagen kom, heldt statistikken og det heile endte med eit besøk av 350 vener.

Og det som eingong skulle vera ein vennefest har verkeleg tatt av. Vi i Uskedalen.no møtte dei fire engasjerte sjelane på låvebrua til ein prat om Festidalen, som stadig veks. No er den utvida til to dagar, Vaksne har dei og vorte, så no tenkjer ein også på neste generasjon. Difor legg Festidalen opp til familiedag på laurdag.

### Musikken

Festidalen går ikkje til noko booking-byrå for å få ein ferdigpakka festival.

Det er nok av dei som gjer det for å spara mykje tid og krefter. Kjem ein på Festidalen, vil ein få presentert eit godt gjennomtenkt og unikt program.

Grunnfilosofien for gjengen er å gje publikum kvalitetsmusikk. Dette krev mykje forarbeid, og mykje tid. Det dukkar heile tida opp nye band, som vil opp og fram. Då er det greitt å ha nokon 'inside' i miljøet som har ei

aning om kven som verkeleg gjer kvalitet. Denne jobben er det Anders Daidalos Dahle som har hovudansvaret for, og det er berre å bøye seg i støvet for vel gjennomført arbeid så langt.

### Familieprogram

Det nye av året er at ein også satsar på ungene. På laurdag vil det vera stor aktivitet rundt på området. Steinar Haugland vil laga til ei aktivitetsløype, der ein vil få utfordra fysikken. Eva Haugland kjem til å ha forteljarstund for både vaksne og barn. Ho vil ikkje sei så mykje om kva ho skal fortelja, men at det kjem til å fengje, er det ingen tvil om.

Rosina i pølsa trur eg kjem til å verta Per Olav Alvestad. Han jobbar som programleiar i Newton; eit program som skulle vera kjend for dei fleste. Han tar opp 'til og med det du ikkje visste at du lurte på!' Spanande å sjå kva det skulle vera.

Dei har også gått i samarbeid med Kvinnherad Filmklubb, slik at ein vil kunne oppleva bygdekino. Her vil ein få sjå novellefilmen «Eddie Stargazer» som er basert på Ragnar Hovland si novelle 'ei fullstendig oversikt over rocken si historie i Fusa kommune', og 'Hopp' der manus er av Per Vaage frå Sunde.

### Dugnad

Uskedalen har alltid hatt ei god dugnadsånd, som har kome bygda til gode mang ein gong. Dette arrangementet er ikkje noko unntak. Festidalen er ein interesseorganisasjon, der løn i form av klingande mynt, er eit framandord for både arrangørar og medhjelparar. Men allikevel står ein på meist døgeret rundt. Eg trur nok at av og til er opplevinga løn nok i seg sjølv.

Berre høyr kva ein får for å vera med og hjelpa: Eigen fest laurdag den 29. på Bøkkeren i Uskedalen der William Hut har intimkonsert, samt gratis inngong på festivalen. Ingen dårleg deal, spør du meg.

Om du vil vera med, så er det sjølvstakt rom for fleire. Trykk [her](#) for å melda deg på.

Vi i uskedalen.no vil tilslutt ynskje festidalen lukke til med arrangementet.

MH



Ingen tvil - no er det snart fest i dalen!(Foto: Ola Matti Mathisen)